



DET KONGELEGE
FORSVARSDEPARTEMENT

Prop. 18 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2022 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 25. november 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Føremål og hovudoversikt

1.1 Tryggingsspolitisk situasjon

Vi står no i ein alvorleg tryggingsspolitisk situasjon, den mest krevjande sidan andre verdskrig. Russland utgjer i dag den fremste trusselen mot europeisk tryggleik. Putin-regimet har klare totalitære trekk og imperialistiske ambisjonar. Vi må vera førebudde på ein langvarig konfrontasjon mellom Russland og Vesten. Krigen har skjerpa skiljet mellom eit liberalt og eit autoritært syn på kva som er ein ønskt verdsorden.

Vi står overfor ei grunnleggjande og alvorleg rivalisering om verdiar og verdssyn. Krigen i Ukraina er ein del av dette biletet. Regjeringa fordømmer Russland sin åtakskrig mot Ukraina på det sterkaste. Ukraina har ein soleklar rett til sjølvforsvar, og Noreg har rett til å støtta dei i dette sjølvforsvaret. Ukraina betalar ein høg pris for å stå imot den russiske aggresjonen, både materielt og menneskeleg. Så lenge Ukraina er villig til å kjempa for fridommen sin, må vi støtta dei.

Russland har hovudtyngda av dei strategiske kjernevåpena for ubåtane sine på Kolahalvøya. Når kjernevåpena vert viktigare, får vern av dei strategiske kjernevåpena på Kolahalvøya og trygging av seglingsruta ut i det nordlege Atlanter-

havet auka betydning. Dette kan auka russisk nærvær og merksemd i nærområda våre i tida framover.

Russisk militær aktivitet i nordområda er ein del av normalbiletet, men aktiviteten skjer no mot eit alvorleg tryggingsspolitisk bakteppe.

Alliert samhald og nærvær er viktigare enn på mange tiår. Norsk tryggleik vert ivaretatt gjennom eit sterkt nasjonalt forsvar, NATO-medlemskapet og eit tett bilateralt samarbeid med nære allierte. Det er i norsk interesse at allierte vise vilje og evne til å medverka til tryggleik også i våre nærområde. Alliert nærvær, trening og øving, også i fredstid, er vesentlege bidrag til norsk tryggleik.

Totalforsvaret si evne til å understøtta alliert nærvær i våre nærområde, samt verna om verdiar, kritisk infrastruktur og ressursar av betydning for våre allierte og partnerar, er viktig.

Finsk og svensk NATO-medlemskap vil gje auka stabilitet og tryggleik i nordområda og Austersjøen. Utvidinga vil bety ei vesentleg styrking av NATO si evne til avskrekking og kollektivt forsvar i vår del av Europa.

Noregs viktigaste målsettingar knytt til krigen i Ukraina er å støtta Ukrainas forsvarskamp, hindra at krigen eskalerer, og verna om eit vidareført sterkt vestleg samhald.

Auka beredskap

Forsvaret har heva beredskapen, og gått over til ein ny fase i planverket. Dette vart vedteke av regjeringa, etter faglege råd frå forsvarssjefen. Det inneber at Forsvarets aktivitet vert tilpassa den alvorlege tryggingssituasjonen Europa er i.

Samordning og samarbeid i ramma av totalforsvaret gir oss auka motstandskraft. Auka merksemd, felles situasjonsforståing og styrka beredskap medverkar til vern om vår handlefridom og evna til å nå våre målsettingar.

Forsvaret og andre norske styresmakter har, i samarbeid med sentrale allierte, god oversikt over aktiviteten i kyst- og havområda, irekna Nordsjøen, og følger dette nøye.

Noreg har den siste tida hatt fleire fartøy til stades på norsk sokkel. Kampfly og maritime patruljefly har også bidratt i overvaking.

Beredskapen er også auka i dei ulike medlemslanda i NATO. Dette sender eit sterkt signal til det russiske regimet om at vi står saman, og at eit åtak på ein av oss er eit åtak på alle.

1.2 Prioriteringar

I denne proposisjonen foreslår regjeringa naudsynte endringar i forsvarsbudsjettet for 2022 knytte til den tryggingsspolitiske situasjonen i Europa, auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar, betringar av butilhøva for vernepliktige og yngre befall, betring av kritisk infrastruktur på Andøya flystasjon, einskild tilskott til Det frivillige Skyttervesen og andre endringar som er omtala under dei einskilde budsjettkapitla.

Gjennom året har det vore store tilleggsøyvingar på Forsvarsdepartementet sitt budsjett knytte til krigsutbrotet i Ukraina. Endringane har knytte seg både til nasjonale tiltak og til militær støtte til Ukraina. Dei nasjonale tiltaka vart fremma i Prop. 78 S (2021–2022) og vedtekne av Stortinget i handsaminga av Innst. 270 S (2021–2022). Her vart det løyvd totalt tre mrd. kroner for å styrka Forsvarets nærvær i nord, styrke evna til alliert samtrening, auka beredskap, reaksjonsevne og uthald i krise og krig, og styrke situasjonsforståelsen og motstand mot digitale truslar. Regjeringa prioriterer framleis høg aktivitet for Forsvaret i 2022 som følgje av krigen i Ukraina og ein ny tryggingsspolitisk situasjon. Det auka operative aktivitetsnivået som følgde av Prop. 78 S (2021–2022) vidareførast.

Regjeringa lagt opp til omfattande militær støtte til Ukraina, med løyvingar på om lag 3,4 mrd. kroner. Tiltaka har vore fremma gjennom

Revidert nasjonalbudsjett for 2022 og Prop. 142 S (2021–2022). Som omtala i den siste proposisjonen, opna regjeringa for å kome tilbake i nysalderinga av 2022-budsjettet med endringar i fordelinga av desse midla mellom kapitla og postar. Knytt til donasjonar av materiell til Ukraina, innkjøp av materiell og støtte til trening av ukrainske soldatar i Storbritannia foreslår regjeringa å omdisponera midlar som er løyvde på tilskottspossten kap. 1700, post 79, til der utgiftene vert postert i 2022.

Regjeringa foreslår ei løyving til vedlikehald og rehabilitering av infrastruktur, for å styrke Noregs evne til mottak av allierte luftstyrkar og styrke Forsvaret i nord. Tiltaka på Andøya flystasjon skal styrke satsinga og Noregs nærvær i nord, i tråd med føresetnadene i Meld. St. 10 (2021–2022), som vart presentert for Stortinget tidlegare i år. Regjeringa følgjer vidare opp tiltak frå saldert budsjett for 2022, kor regjeringa løyvde 40 mill. kroner til Forsvarsbygg for å forbetre butilhøva til vernepliktige og yngre befall på Skjold, Bardufoss og Setermoen. Regjeringa foreslår at prosjektet vert tilført ytterlegare 10 mill. kroner. Regjeringa foreslår samstundes eit einskild tilskott til Det frivillige Skyttervesen, ut over tilskottet organisasjonen får gjennom Forsvarsdepartementets etablerte tilskottsordning, for å støtta høg aktivitet i organisasjonen i ei tid med auka prisar på ammunisjon.

Endringa i valutaføresetnadene i budsjetterte utbetalingar i 2022 for store materiellprosjekt inneber forventta meirutgifter på til saman om lag 1484,0 mill. kroner i 2022. Regjeringa foreslår difor ei valutajustering i 2022 på om lag 799,2 mill. kroner i 2022. Forslag til valutajustering bygger vidare på tidlegare valutajusteringar i saldert budsjett for 2022 og RNB for 2022. Ut over den føreslegne valutajusteringa, tilleggsøyving, overføringar frå andre departement, og tekniske endringar er det også identifisert betydelege meirutgifter på om lag 1 449,8 mill. kroner. Meirutgiftene knytte til auka utgifter til energi-, drivstoff-, og valutaprisar utgjer til saman om lag 1 312,0 mill. kroner av dette.

Meirutgiftene vert foreslått dekkja gjennom tverrprioriteringar innafor forsvarsbudsjettet. For at meirutgiftene ikkje skal få konsekvensar for den auka aktiviteten foreslår regjeringa at meirutgiftene primært vert dekkja gjennom omprioritering frå investering til drift, då i hovudsak frå investeringar over kap. 1710, post 47 og kap. 1760, post 45. Mindreutgifter og ikkje planlagde meirinntekter er foreslått nytta til å balansera sektoren

sine meirutgifter. Sjå utvida omtale under dei ein-skilde budsjettkapitla.

Reduksjonar i investeringsbudsjettet, i det omfanget som er naudsynt for å dekkja meirutgiftene, vil kunne handterast likviditetsmessig i 2022. Reduksjonane får handterbare konsekvensar for gjennomføringa av investeringane i 2022. På middels og lengre sikt kan reduksjonen omfatta konsekvensar som gjer det naudsynt, med omsyn til blant anna forskyvingar, ressursar, auka anskaffingstid og utgiftsauke (valuta og prisvekst), å justera langtidsplanambisjonane. Evna til å ta inn nye investeringar og møta behov for endringar i eksisterande prosjekter vil kunne reduserast.

1.3 Anleggen verdi av militær støtte til Ukraina

Noregs støtte til Ukraina er samansett av tilskott og donasjon av materiell som har vorte rekvirert

Kategori	Verdi i 1 000 kr.
Løyving i Innst. 450 S (2021–2022) til Prop. 115 S (2021–2022)	400 000
Løyving i Innst. 34 S (2022–2023) til Prop. 142 S (2021–2022)	3 000 000
Verdi for Ukraina av materiell som ikkje skal gjenanskaffast	990 641
Verdi av materiell som skal gjenanskaffast seinare ¹	700 474
Total anleggen verdi av donasjonar til Ukraina i 2022	5 091 115

¹ Vert handtert gjennom løyvingar seinare år. I Prop. 1 S (2022–2023) er det foreslått 428 mill. kroner til gjenanskaffingar.

Utgiftene til gjenanskaffing av donert militært materiell kjem fyrst seinare år, grunna leveringstida på dette materiellet. Regjeringa legg opp til at desse utgiftene vert finansiert gjennom den foreslegne løyvinga til militær støtte til Ukraina i 2023 på totalt 1 mrd. kroner, jf. Prop. 1 S (2022–2023). I forslag til statsbudsjett for 2023 er 141,5 mill. kroner foreslått løyva over kap. 1720, post 01 og 286,5 mill. kroner over kap. 1760, post 45, til å anskaffe donert militært materiell. Regjeringa legg opp til å komma tilbake med forslag til løyving knytte til dei resterande 272,5 mill. kronane til anskaffingar av donert militært materiell i revidert nasjonalbudsjett for 2023.

I handsaminga av Innst. 34 S (2022–2023) til Prop. 142 S (2021–2022) ga Stortinget regjeringa løyve til å donere militært materiell frå Forsvaret. Fullmakta er gyldig til og med 31. desember 2023 og er beløpsmessig avgrensa inntil 3 mrd. kroner. Det er så langt donert materiell for om lag 700 mill. kroner som vil bli gjenanskaffa. Donert mate-

riell som ikkje vil bli gjenanskaffa har ein berekna verdi på om lag 990 mill. kroner, men verdien for Noreg er noko lågare. Samla nytting av fullmakta er difor på opp til 1,7 mrd. kroner.

1.4 Føremål

For å skapa best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei ein-skilde kapitla og postane, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet vart vedtatt, legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingane til forsvarsbudsjettet for 2022.

Regjeringa er opptatt av å halda omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som kravet om realistisk budsjettering vert varetatt.

Totalt utgjer omgrupperinga for 2022 ein foreslått auke i løyvinga til utgifter for Forsvarsdepartementet på 1 955,4 mill. kroner.

1.5 Grunnlaget for omgrupperinga

1.5.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2022, midlar overførte frå 2021 og seinare end-

ringar gjort av Stortinget. Det er også teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2022.

Tabell 1.1 Disponible midlar på utgiftssida, før omgruppering 2022, kjem fram slik (i 1 000 kr.):

Saldert budsjett for 2022	69 505 571
Innst. 270 S (2021–2022) til Prop. 78 S (2021–2022) <i>Endringer i statsbudsjettet 2022 under KD, KUD, JD, KDD, AID, HOD, BFD, NFD, FIN og FD (økonomiske tiltak som følge av krigen i Ukraina)</i>	3 000 000
Innst. 450 S (2021–2022) til Prop. 115 S (2021–2022) <i>Tilleggsøyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2022 (RNB)</i>	2 086 712
Innst. 34 S (2022–2023) til Prop. 142 S (2021–2022) <i>Endringer i statsbudsjettet 2022 (økonomiske tiltak i møte med krigen i Ukraina og ekstraordinære strømutfgifter mv.)</i>	3 000 000
Budsjettmessige verknader av lønnsoppgeret i det statlege tariffområdet i 2022	469 423
= Løyvingar før omgrupperinga	77 606 706
+ Midlar overførte frå 2021	1 356 107
= Disponible midlar i 2022 før omgrupperinga	78 962 813

Tabell 1.2 Løyvingar på inntektssida, før omgruppering 2022, kjem fram slik (i 1 000 kr.):

Saldert budsjett for 2022	6 375 677
Innst. 450 S (2021–2022) til Prop. 115 S (2021–2022) <i>Tilleggsøyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2022 (RNB)</i>	1 329 388
= Løyvingar før omgrupperinga	7 705 015

1.5.2 Inntekter 2022

I høve til saldert budsjett for 2022, med endringane gjort av Stortinget i Revidert nasjonalbudsjett for 2022, er det ei meirinntekt på 1 134,2 mill. kroner. Meirinntektane inneber ein tilsvarande auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt i Prop. 1 S (2021–

2022) under romartalsvedtak II. Auken på inntekts- og utgiftssida er innarbeidd og forklart i detalj under kapittel 2 nedanfor.

1.5.3 Løyvingsbehov

Tala i tabellane nedanfor viser løyvingsbehov knytt til omgrupperinga for 2022.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kr.):

Auke knytte til meirinntekter	1 134 241
Valutajustering	799 190
Tilleggsøyving	20 000
Overføring frå andre departement	2 000
= Sum behov ved omgrupperinga	1 955 431
+ Løyvingar før omgrupperinga	77 606 706
= Løyvingar etter omgrupperinga	79 562 137
+ Midlar overførte frå 2021	1 356 107
= Samla disponible midlar i 2022 etter omgrupperinga	80 918 244

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kr.):

Meirinntekter i omgrupperinga	1 134 241
+ Løyvingar før omgrupperinga	7 705 015
= Løyvingar etter omgrupperinga	8 839 256

På bakgrunn av dette foreslår regjeringa at utgiftsramma vert auka med 1 955,4 mill. kroner, og at inntektsramma vert auka med 1 134,2 mill. kroner.

2 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på kapittelnivå

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

		(i 1 000 kr.)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	969 178	683 520	678 770
22	IKT-verksemd		340 469	431 673
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	9 936	6 636	1 500
60	Overføring til kommunar og fylkeskommunar		1 800	600
71	Overføring til andre	80 078	79 892	81 892
78	Noregs tilskott til NATO sitt og internasjonale driftsbudsjett	437 520	941 810	979 810
79	Militær støtte til Ukraina		2 691 000	2 239 250

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 4,750 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 12,800 mill. kroner knytte til meirutgifter som følgje av auka energiprisar. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgiftene i 2022 vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.
- 0,750 mill. kroner knytte til auka aktivitet som følgje av krigen i Ukraina. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane vert omdisponerte frå kap. 1700, post 79.

Posten er foreslått redusert med:

- 18,300 mill. kroner knytte til ei omdisponering av gjenstående midlar til IKT-verksemnda på posten. I revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2022 vart det oppretta ein ny post under kap. 1700, knytt til IKT-verksemnda i Forsvarsdepartementet. Etter RNB 2022 har det på kap. 1700, post 01 vore ei mindre avsetning til IKT-verksemnda til sluttavrekning. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane vert omdisponerte til kap. 1700, post 02.

Post 22 IKT-verksemnd

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 91,204 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 60,904 mill. kroner knytte til utvikling av graderte IKT-tenester til statlege og private verksemder. I revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2022 vart det oppretta ein ny post under kap. 1700 tilknytt IKT-verksemnda i Forsvarsdepartementet. Etter RNB 2022 har det vore ei avsetning til utvikling av graderte IKT-tenester til statlege og private verksemder på kap. 1760, post 45. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane vert omdisponerte frå kap. 1760, post 45 til føremålet.
- 18,300 mill. kroner knytte til ei omdisponering av gjenstående midlar til IKT-verksemnda på posten. I revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2022 vart det oppretta ein ny post under kap. 1700 knytt til IKT-verksemnda i Forsvarsdepartementet. Etter RNB 2022 har det på kap. 1700,

post 01, vore ei avsetning til IKT-verksemnda til sluttvederlaget. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane vert omdisponerte frå kap. 1700, post 01.

- 12,000 mill. kroner knytte til auka brukarbetaling for Nasjonalt BEGRENSA Nett. Meirinntektene fører med seg ein tilsvarande auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 5,136 mill. kroner.

Posten består av midlar som er disponerte av forsvarsministeren til spesielle behov, som krev rask avklaring og som oppstår i løpet av året. Ved slutten av året vert ubrukte midlar omdisponerte til andre prioriterte oppgåver.

Posten er foreslått redusert med:

- 2,000 mill. kroner er foreslått omdisponerte til kap. 1700, post 71, for å dekkja eit enkeltstående tilskott til Det frivillige Skyttervesen i 2022. Sjå eiga omtale om tilskottet under kap. 1700, post 71.
- 2,886 mill. kroner er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 45, og bidreg til handtering av forsvarssektorens meirutgifter, til mellom anna energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022.
- 0,250 mill. kroner er foreslått omdisponerte kap. 1720, post 01, til Forsvarets markering av 50-årsjubileet for Tillitsvaltordninga i Forsvaret.

Post 60 Overføringar til kommunar og fylkeskommunar

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 1,200 mill. kroner.

Posten er foreslått redusert med:

- 1,200 mill. kroner knytte til ei mindreutgift på posten i 2022. Utbetalinga til ein tilskottsmottakar vert redusert i 2022, basert på rapporteringa for 2021 frå tilskottsmottakar om lågare forbruk i 2020 og 2021 enn forventa. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 45 og bidreg til handtering av forsvarssektorens meirutgifter, til mellom anna energi-, drivstoff-, og valutaprisar på drift i 2022.

Post 71 Overføringar til andre

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 2,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 2,000 mill. kroner knytte til eit einskild tilskott til Det frivillige Skyttervesen i 2022. Det siste året har organisasjonen opplevd ein markant auke i prisar på sivil ammunisjon. Forsvarsdepartementet ønsker å bidra til vedvarande høg aktivitet i Det frivillige Skyttervesen. Tilskottet skal bidra til innkjøp av ammunisjon til skyteaktivitet, og skal prioriterast til aktivitet for yngre skyttarar. Forsvarsdepartementet foreslår midlane omdisponerte frå kap. 1700, post 43.

Post 78 Noregs tilskott til NATO sitt og internasjonale driftsbudsjett

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 38,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 38,000 mill. kroner knytte til auka felles utgifter til drift av militær kommandostruktur i NATO. Meirutgiftene på 38 mill. kroner utgjør Noreg sin del av denne auken. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgiftene i 2022 vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.

Post 79 Militær støtte til Ukraina

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 451,750 mill. kroner.

Posten er foreslått redusert med:

- 280,000 mill. kroner knytte til donasjon av M72 panservernrakettar og M141 rakettkastarar som skal donerast til Ukraina. Det ukrainske forsvaret har stort behov for denne typen våpen. Våpentypen har tidlegare vorte donert av fleire land forutan Noreg og har vist seg svært effektive. Midlane skal nyttast til å kjøpe desse våpena frå produsent. Forsvarsdepartementet foreslår difor ei omdisponering til kap. 1760, post 45.

- 80,000 mill. kroner til å erstatta donert militært materiell til Ukraina. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponerte til kap. 1760, post 45.
- 30,000 mill. kroner knytte til innkjøp av bussar og ombygging av desse til ambulansebussar. Initiativet skjer i samarbeid med nasjonale helsemyndigheiter. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 20,000 mill. kroner knytte til donasjon av personleg vinterutrusting til ukrainske soldatar som mottek trening gjennom det britiske *Operation Interflex*-initiativet. Noreg bidreg med instruktørar til *Operation Interflex*, og ukrainsk personell har behov for ytterlegare vinterutrusting under treninga. Forsvarsdepartementet foreslår difor ei omdisponering til kap. 1720, post 01.
- 16,000 mill. kroner til å erstatta to krokløft som har vorte donert til Ukraina. Dette er køyretøy som støttar donasjonen av NASAMS-luftvern. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponerte til kap. 1760, post 45.
- 15,000 mill. kroner knytte til norsk instruktørstønad i samanheng med utdanning av ukrainske soldatar, der personell frå Heimevernet har vorte sendt til Storbritannia som eit bidrag til det britiske treningsinitiativet *Operation Interflex*. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 10,000 mill. kroner til å dekkja meirutgifter knytte til donasjonar av forsvarsmateriell til Ukraina. Midlane som er foreslått omdisponerte gjeld utgifter i forbindelse med instruktørstønad til ukrainske styrkar i opplæring på NASAMS-luftvern, klargjering og transport i forbindelse med donasjon av eitt M109 artilleriskyts, og auka utgifter i Forsvarsmateriell knytte til mellom anna reiser, innkjøp og overtid i forbindelse med donasjonar til Ukraina. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 0,750 mill. kroner knytte til meirutgifter i forbindelse med tilrettelegging for norsk militær støtte til Ukraina. Meirutgiftene er hovudsakleg grunna meirarbeid og reiser i samanheng med internasjonalt samarbeid. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponerte til kap. 1700, post 01.

Kap. 4700 Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
02	IKT-verksemd, inntekter		63 000	75 000

Post 02 IKT-verksemd, inntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 12,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 12,000 mill. kroner knytte til auka brukarbetaling for Nasjonalt BEGRENSA Nett. Netto meirinntekter fører til ein tilsvarande auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 161 669	5 714 077	6 743 195
47	Nybygg og nyanlegg	3 532 802	3 850 802	3 385 372

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 1 029,118 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 628,379 mill. kroner knytte til auka inntekter, hovudsakleg som følgje av høgare energi og forsyningsutgifter. Utgiftene har ei tilsvarande inntektsside, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.
- 266,900 mill. kroner knytte til auka etterspurnad frå Forsvaret for tilleggstenester frå Forsvarsbygg. Det omfattar elektroniske sikringsstenester (51,0 mill. kroner), støtte til øvingar (168,0 mill. kroner), og forsyning til Sjøforsvaret (47,9 mill. kroner). Utgiftene har ei tilsvarande inntektsside, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.
- 47,162 mill. kroner knytte til auka inntekter, som følgje av brukardefinert utvikling av forsvarssektorens EBA, deriblant nye avtalar og justerte prognosar på eksisterande prosjekter. Utgiftene har ei tilsvarande inntektsside, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.
- 42,143 mill. kroner knytte til auka inntekter til husleige, basert på Forsvarsbygg sin leige-

modell. Utgiftene har ei tilsvarande inntektside, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.

- 20,000 mill. kroner knytte til styrking av vedlikehald for kritisk infrastruktur ved Andøya flystasjon. Regjeringa foreslår ei løyving til vedlikehald og rehabilitering av infrastruktur, for å styrke Noregs evne til mottak av allierte luftstyrker og styrke Forsvaret i nord, jf. Meld. St. 10 (2021–2022). Nokre av tiltaka som er iverksette er blant anna å fornye delar av høgspontanlegget på flystasjonen, utbetring av tryggingssoner rundt rullebana, vedlikehald og oppgradering av flysheltere, tiltak for betre flyplassbelysning, samt andre mindre vedlikehaldstiltak.
- 16,807 mill. kroner knytte til endra framdrift i prosjekt i NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. Auken gjeld Evenes MPA oppstillingsplass, der NATO sin del i prosjektet er auka. Utgiftene har ei tilsvarande inntektsside jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.
- 7,727 mill. kroner knytte til auke i oppdragsfinansierte inntekter. Utgiftene har ei tilsvarande inntektsside, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.

Post 47 Nybygg og nyanlegg

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 465,430 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 26,000 mill. kroner knytte til sal av Mågerø leir til ein høgare pris enn det var budsjettert for, jf. inntektsauke på kap. 4710, post. 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 474,430 mill. kroner knytte til handtering av forsvarssektorens meirutgifter grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i

2022, jf. omtale av utgiftsauke på kap. 1720, post 01.

- 10,000 mill. kroner knytte til personellrelatert EBA. Regjeringa har i 2022 løyvd 40 mill. kroner til Forsvarsbygg for å forbetre butilhøva til vernepliktige og yngre befal på Skjold, Bardufoss og Setermoen. Forsvaret og prosjektet er foreslått tilført ytterlegare 10 mill. kroner for å realisere denne målsettinga, på kap. 1720, post 01.
- 7,000 mill. kroner knytte til prosjekt for etablering av mellombels infrastruktur på Evenes. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgiftene på kap. 1720, post 01 dekkast inn gjennom omdisponering av midlar frå kap. 1710, post 47.

Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	4 430 548	4 738 195	5 747 313
47	Sal av eigedom	109 032	99 910	125 910

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 1 009,118 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 628,379 mill. kroner knytte til auka inntekter, hovudsakleg som følgje av høgare energi og forsyningsutgifter. Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside, jf. utgiftsauke på kap. 1710, post 01.
- 266,900 mill. kroner knytte til auka etterspurnad frå Forsvaret for tilleggstenester frå Forsvarsbygg. Det omfattar elektroniske sikringsstenester (51 mill. kroner), støtte til øvingar (168 mill. kroner), og forsyning til Sjøforsvaret (47,9 mill. kroner). Inntektene har en tilsvarende utgiftsside, jf. utgiftsauke på kap. 1710, post 01.
- 47,162 mill. kroner knytte til auka inntekter, som følgje av brukardefinert utvikling av forsvarssektorens EBA, deriblant nye avtalar og justerte prognosar på eksisterande prosjekt. Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside, jf. utgiftsauke på kap. 1710, post 01.
- 42,143 mill. kroner knytte til auka inntekter til husleige, basert på Forsvarsbygg sin leigemo-

dell, Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside, jf. utgiftsauke på kap. 1710, post 01.

- 16,807 mill. kroner knytte til endra framdrift i prosjekt i NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. Auken gjeld Evenes MPA oppstillingsplass, der NATO sin del i prosjektet er auka, jf. utgiftsauke på kap. 1710, post 01.
- 7,727 mill. kroner knytte til auke i oppdragsfinansierte inntekter. Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside, jf. utgiftsauke på kap. 1710, post 01.
- Netto meirinntekter fører med seg ein tilsvarende auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Post 47 Sal av eigedom

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 26,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 26,000 mill. kroner knytt til sal av Mågerø leir til ein høgare pris enn det var budsjettert for. Meirinntekta er foreslått med ein tilsvarende auke på kap. 1710, post 47.

Kap. 1716 Forsvarets forskingsinstitutt

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
51	Tilskott til Forsvarets forskingsinstitutt	249 780	249 780	274 775

Post 51 Tilskott til Forsvarets forskingsinstitutt

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 24,995 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 14,995 mill. kroner knytte til meirutgifter som følgje av auka energiprisar. Forsvarsdeparte-

mentet foreslår at meirutgiftene i 2022 vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.

- 10,000 mill. kroner knytte til meirutgifter som følgje av auka prisar på drivstoff. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgiftene i 2022 vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.

Kap. 1720 Forsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	32 137 891	35 523 062	36 551 044

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 1 027,982 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 617,105 mill. kroner knytte til meirutgifter som følgje av auka energiprisar. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgiftene i 2022 vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1710, post 47 og kap. 1760, post 45.
- 403,367 mill. kroner knytte til meirutgifter som følgje av auka prisar på drivstoff. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgiftene i 2022 vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1710, post 47 og kap. 1760, post 45.
- 136,900 mill. kroner knytte til meirutgifter grunna valutaendringar på investeringar over driftsbudsjettet. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgiftene i 2022 vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.
- 20,000 mill. kroner knytte til donasjon av personleg vinterutrusting til ukrainske soldatar som mottek trening gjennom det britiske *Operation Interflex*-initiativet. Noreg bidreg med instruktørar til Interflex, og ukrainsk personell har behov for ytterlegare vinterutrusting under treninga. Forsvarsdepartemen-

tet foreslår difor ei omdisponering frå kap. 1700, post 79.

- 15,000 mill. kroner knytte til norsk instruktørstønad i forbindelse med utdanning av ukrainske soldatar i Storbritannia. Forsvarsdepartementet foreslår at midlar frå kap. 1700, post 79 vert omdisponerte til føremålet.
- 10,000 mill. kroner knytte til personellrelatert EBA. Regjeringa har i 2022 løyvd 40 mill. kroner til Forsvarsbygg for å forbetre butilhøva til vernepliktige og yngre befal på Skjold, Bardufoss og Setermoen. Forsvaret og prosjektet er foreslått tilført ytterlegare 10 mill. kroner for å realisere denne målsettinga, frå kap. 1710, post 47.
- 7,500 mill. kroner knytte til auka eksternfinansiering av prosjekt ved Forsvarets høgskole. Auka inntekter til forskingsprosjekta har ei tilsvarende utgiftsside, jf. kap. 4720, post 01.
- 7,000 mill. kroner knytte til meirutgifter i prosjekt for etablering av mellombels infrastruktur på Evenes. Forsvaret vart tildelt 44 mill. kroner i budsjettet for 2022 for å etablere mellombels infrastruktur (Hangar 2) på Evenes, tilpassa tyngre vedlikehald. Meirutgiftene er grunna ekstraordinær prisvekst og skifte av golvbelegg. Forsvarsdepartementet foreslår at

- meirutgiftene vert dekte gjennom omdisponering av midlar frå kap. 1710, post 47.
- 1,532 mill. kroner knytte til refusjon av lønnsutgifter frå Etterretningstenesta. Forsvarsdepartementet foreslår ei omdisponering av midlar frå kap. 1735, post 21.
 - 0,385 mill. kroner knytte til nye leveransevilkår for tenester levert av Forsvarets logistikkorganisasjon. Dette inneber ei fordelingsendring mellom brukarane, mellom anna driftseininngane i Forsvaret og Redningshelikoptertenesta. Forsvarsdepartementet foreslår difor ei auke på kap. 1720, post 01, med ei tilsvarende reduksjon på kap. 1791, post 01.
 - 0,250 mill. kroner knytte til ei løyving til Til-litsvaltordninga i Forsvaret i samanheng med markeringa av ordningas 50-årsjubileum i 2022. Løyvinga på posten er foreslått auka med 0,250 mill. kroner, med ein tilsvarende reduksjon på kap. 1700, post 43.
 - 0,165 mill. kroner knytte til vakthaldstenester levert av Forsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1735, post 21.
 - 0,128 mill. kroner knytte til ny nøkkel for berekning av utgifter til gjenbruk- og returpliktig materiell, der fordelinga av utgiftene er endra. Auken på posten inneber forslag til ein tilsvarende reduksjon på kap. 1791, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 100,000 mill. kroner knytte til lågare omsetning av varer og tenester levert til allierte under Cold Response 2022 enn budsjettet. Dette er varer og tenester Forsvaret leverer i forbindelse med øvinga, som deltakande nasjonar vert belasta for. Forventa inntekter er knytte til forventa utgifter jf. omtale av reduserte inntekter under kap. 4720, post 01.
- 90,000 mill. kroner knytte til lågare driftsutgifter til NH90 enn budsjettet. Det er konkludert med å avslutte innfasinga av NH90. Forsvarsdepartementet har gitt Forsvarsmateriell i oppdrag å heve kontrakten med leverandøren, og Forsvaret har fått i oppdrag å innstille all øving og trening med helikoptera. Forsvaret har sidan juni identifisert kva driftsmidlar ved NH90-systemet som kan frigjerast inneverande år. Mindreutgifta på 90 mill. kroner skuldast reduserte utgifter til materielldrift av NH90-systemet og til aktivitetsmidlar, der planlagt aktivitet er redusert til et minimum. Mindreutgifta er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 45, og bidreg til handtering av forsvarssektorens meirutgifter grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022.
- 1,350 mill. kroner knytte til bonusutbetaling for personell som gjer teneste i Redningshelikoptertenesta. Forsvarsdepartementet foreslår at lønnsutgiftene vert omdisponerte frå kap. 1720, post 01, til kap. 1791, post 01.

Kap. 4720 Forsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	754 951	1 613 403	1 520 903

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 92,500 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 7,500 mill. kroner knytte til auka eksternfinansiering av prosjekt ved Forsvarets høyskole. Auka inntekter til forskingsprosjekta har ei tilsvarende utgiftsside, jf. kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 100,000 mill. kroner knytte til lågare omsetning av varer og tenester levert til allierte under Cold Response 2022 enn budsjettet. Dette er varer og tenester Forsvaret leverer i forbindelse med øvinga, som deltakande nasjonar vert belasta for. Forventa inntekter er knytte til forventa utgifter, jf. omtale av reduserte utgifter på kap. 1720, post 01.

Kap. 1735 Etterretningstenesta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
21	Spesielle driftsutgifter	2 580 633	2 765 510	2 841 489

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 75,979 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 77,676 mill. kroner knytte til meirutgifter grunna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgiftene i 2022 vert dekkja gjennom ei om Disposering frå kap. 1760, post 45.

Posten er foreslått redusert med:

- 1,532 mill. kroner knytte til refusjon av lønnsutgifter frå Etterretningstenesta til Forsvaret. Forsvarsdepartementet foreslår å om Disposering midlar til kap. 1720, post 01.
- 0,165 mill. kroner knytte til knytte til vakthaldstenester levert av Forsvaret. Midlane er foreslått om Disposeringerte til kap. 1720, post 01.

Kap. 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 950 015	2 042 960	2 224 798
44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonal finansiert del	132 669	132 669	177 373
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	20 346 486	21 025 443	21 363 700
48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del	350 000	350 000	357 235
75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik	111 931	111 931	133 479

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 181,838 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 38,900 mill. kroner knytte til meirutgifter som følgje av auka energiprisar. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta i 2022 vert dekkja gjennom ei om Disposering frå kap. 1760, post 45.
- 35,000 mill. kroner knytte til meirutgifter for avhendingsverksemda i Forsvarsmateriell, som har hatt høgare avhendingsutgifter enn budsjettet. Inntektspotensialet frå sal av F-16

er betydeleg, men prosessen trekker ut i tid. Dette inneber at auka salsomkostningar ikkje kan trekkast frå salsinntekter i 2022, jf. fullmakt om nettobudsjettering av salsomkostningar. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei om Disposering frå kap. 1760, post 45.

- 30,000 mill. kroner knytte til innkjøp, av bussar og ombygging av desse til ambulansbussar. Initiativet skjer i samarbeid med nasjonale helsemyndigheiter. Forsvarsdepartementet foreslår midlar om Disposeringerte frå kap. 1700, post 79.
- 20,000 mill. kroner knytte til meirinntekter grunna auka sal av utrangert materiell med til-

- svarande utgifter i avhendingsverksemda, jf. inntektsauke under kap. 4760, post 01.
- 11,000 mill. kroner knytte til refusjon av systemartikkelforvaltningsutgifter (SAF) frå Forsvaret. Forsvarsmateriell støttar Forsvaret med forvaltning av materiell. SAF-aktiviteten er i hovudsak støtte til Hæren, der Forsvarsmateriell forvaltar støtte- og vedlikehaldsavtaler med leverandørane av materiellet. Forsvarsmateriell bestiller frå og betalar leverandøren, og får kostnadane refundert frå Forsvaret som har budsjettet for forvaltning og vedlikehald, jf. inntektsauke på kap. 4760, post 01.
 - 10,876 mill. kroner knytte til at nasjonal tryggingssmyndigheit er tildelt midlar til FoU-relaterte investeringar på kap. 1760, postane 01 og 45. Det er behov for ei intern fordeling mellom postane for å tilpasse løyvingane etter utgiftsart.
 - 5,000 mill. kroner knytte til auka refusjon for tenester til Sjøforsvaret, som følge av økte ordrar frå Sjøforsvaret til Forsvarsmateriell for tenester og innkjøp med tilsvarende utgifter, jf. auka inntekter på kap. 4760, post 01.
 - 5,000 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med donasjon av NASAMS til Ukraina. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1700, post 79.
 - 4,500 mill. kroner knytte til utgiftsfordeling for vakttenester. Forsvaret driftar og budsjetterer for vakthald ved dei basane der også Forsvarsmateriell er til stades, i hovudsak Kolsås, Haakonvern og Kjeller. Befal tilsett i Forsvarsmateriell tar ein del av vaktene, og ekstrakostnaden for dette vert refunderast frå Forsvarets avdelingar som har budsjettet for vakthaldet. Dette inneber ei inntektsauke på kap. 4760, post 01, med tilsvarende utgifter på kap. 1760, post 01.
 - 4,000 mill. kroner knytte til meirutgifter frå arbeid med materiell donasjonar til Ukraina. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1700, post 79.
 - 3,762 mill. kroner knytte til Nasjonal tryggingssmyndigheit sitt prosjekt P2950 – digital varslingsinfrastruktur. Prosjektet har auka aktivitet i 2022 for å nå prosjektets gjennomføringsplan, samstundes som planlagde aktivitetar i 2023 er framskynda til 2022. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.
 - 3,000 mill. kroner knytte til meirutgifter i den ordinære avhendingsverksemda. Meirutgifta skuldast at netto inntekter frå salet ikkje er tilstrekkeleg i 2022 til å dekke auka avhendingsutgifter, jf. fullmakta om nettobudsjettering av salsomkostningar. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.
 - 3,000 mill. kroner knytte til handtering av avhendingsmateriell. Det er prognostisert meirutgifter for 2022. Dette skuldast auka avhendingstakt og arbeid med frigjering av lagerareal i Forsvaret. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.
 - 2,400 mill. kroner knytte til effektiviserings tiltaket *Robotic Process Automation* (RPA). Det er avsett midlar til effektiviseringstiltak i forsvarsektorens moderniserings- og effektiviseringsprogram. Tiltaket RPA i Forsvarsmateriell skal automatisere manuelle steg i vedlikehaldsrutinane ved maritime kapasitetar. Det er behov for ei intern omfordeling mellom postane for å tilpasse løyvingane etter utgiftsart. Forsvarsdepartementet foreslår ei omdisponering til posten frå kap. 1760, post 45.
 - 2,400 mill. kroner knytte til styrking av kapasiteten på kontraktsrevisjon. Forsvarsmateriell har rekna ut at styrka kontraktsrevisjon kan gi vinstar i form av redusert pris på innkjøp utan konkurranse. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta i 2022 vert handtert gjennom ei omdisponering til posten frå kap. 1760, post 45.
 - 2,000 mill. kroner knytte til inntektsauke på kap. 4760, post 01, som følgje av høgare refusjon av tenester på målestasjonar til andre NATO-lands sjøforsvar enn budsjettet. Auka inntekter frå desse tenestene har ei tilsvarende utgiftsside.
 - 1,000 mill. kroner knytte til donasjon av eitt M109 artilleriskyts til Ukraina. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1700, post 79.
- Post 44 Fellesfinansierte investeringar, nasjonal finansiert del*
- Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 44,704 mill. kroner.
- Posten er foreslått auka med:
- 44,704 mill. kroner som følgje av auka omfang på to NATO-prosjekt og oppstart av sju nye NATO-prosjekt. Auka omfang gjeld prosjekta *Restore AWACS Platform* og *Augment the JWC Training and Exercise Capability*. Samstundes

er sju nye prosjekt iverksette: *Provide MPA-apron, Restore Technical Water Section 1*, samt fem oljevernprosjekt for kaiene på Andøya, Ørland, Evenes, Sørreisa og Namsen. Forsvarsdepartementet foreslår at 30,388 mill. kroner av meirutgiftene vert dekkja gjennom auka inntekter frå NATO på kap. 4760, post 48, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt. I tillegg foreslår Forsvarsdepartementet at resterande 14,316 mill. kroner vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 338,257 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 799,190 mill. kroner knytte til valutajustering for investeringsprosjekta over 1 mrd. kroner. Endringa i valutaføresetnadene i budsjetterte utbetalingar i 2022 for store materiellprosjekt inneber forventa meirutgifter på til saman 1 483,950 mill. kroner i 2022. Med omsyn til valutajusteringa i saldert budsjett 2022 på 345,276 mill. kroner, og 339,484 mill. kroner i RNB 2022, foreslår Forsvarsdepartementet å valutajustere kap. 1760, post 45, med 799,190 mill. kroner. Valutajusteringa baserer seg på realiserte valutadifferansar til og med august 2022, pluss planlagde prosjekt med utbetaling til desember 2022 i utanlandsk valuta, gitt oppdaterte planar per 1. september 2022. Samla budsjetterte utbetalingar vil verta valutajusterte i 2022 utgjere om lag 8,717 mrd. kroner. Hovudårsaka til meirutgifta er kampflyprosjektet, der dollarkursen er endra frå 8,8334 per 1. mars 2022 til 10,0090 per 1. september 2022.
- 280,000 mill. kroner knytte til donasjon av M72 panservernrakettar og M141 rakettkastarar som skal donerast til Ukraina. Det ukrainske forsvaret har stort behov for denne typen våpen. Våpentypen har tidlegare vorte donert av fleire land forutan Noreg og har vist seg svært effektive. Midlane skal nyttast til å kjøpe desse våpena frå produsent. Forsvarsdepartementet foreslår difor ei omdisponering frå kap. 1700 post 79.
- 90,000 mill. kroner knytte til lågare driftsutgifter til NH90 enn budsjettert, jf. omtale på kap. 1720, post 01. Forsvarsdepartementet foreslår at mindreutgifta vert omdisponert til kap. 1760,

post 45, og bidreg til handtering av forsvarssektorens meirutgifter, grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022.

- 90,000 mill. kroner knytte til tilbakebetalte forskot gjennom bankgarantiar, grunna heving av kontrakt for kjøp av NH90 helikopter som gir ei tilsvarende meirinntekt på kap. 4760, post 45. Midlane er foreslått nytta til å bidra til handtering av forsvarssektorens meirutgifter, grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022
- 80,000 mill. kroner knytte til å erstatta donert militært materiell til Ukraina. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponerte frå kap. 1700, post 79.
- 16,000 mill. kroner til å erstatta to krokloft som har vorte donerte til Ukraina. Dette er køyretøy som støttar donasjonen av NASAMS-luftvern. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponerte frå kap. 1700, post 79.
- 9,500 mill. kroner knytte til auka inntekter frå royalties på kap. 4760, post 45. Auka inntekter frå royalties er i hovudsak knytte til ulike utviklingsprosjekt ved *Kongsberg Defence & Aerospace* og utviklinga av NSM. Forsvarsdepartementet foreslår at meirinntekta vert nytta på kap. 1760, post 45, for handtering av forsvarssektorens meirutgifter grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022.
- 2,886 mill. kroner knytte mindreforbruk på kap. 1700, post 43. Midlane er foreslått omdisponerte til posten for å bidra til handtering av forsvarssektorens meirutgifter grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022.
- 2,000 mill. kroner knytte til øvinga *Barents Rescue 2022*. Som følge av at øvinga ikkje vert gjennomført i 2022 foreslår Justis- og beredskapsdepartementet å overføra tilsvarende midlar tilbake til departementa. For Forsvarsdepartementet utgjere rammeoverføringa 2 mill. kroner. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane vert nytta på kap. 1760, post 45, for handtering av forsvarssektorens meirutgifter grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022.
- 1,200 mill. kroner knytte til mindreforbruk på kap. 1700, post 60. Midlane er foreslått omdisponerte til posten for å bidra til handtering av forsvarssektorens meirbehov grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022.

Posten er foreslått redusert med:

- 837,313 mill. kroner knytte til handtering av forsvarssektorens meirutgifter grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar 2022, jf. omtale av utgiftsauke på kap. 1716, post 51, kap. 1720, post 01, og kap. 1735, post 01, og kap. 1760, post 01.
- 60,904 mill. kroner knytte til utvikling av graderte IKT-tenester til statlege og private verksemder. I RNB for 2022 vart det oppretta ein ny post under kap. 1700, tilknytta IKT-verksemda i Forsvarsdepartementet. Etter RNB 2022 har det vore ei avsetning til utvikling av graderte IKT-tenester til statlege og private verksemder på kap. 1760, post 45. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane vert omdisponerte frå posten til kap. 1700, post 22.
- 38,000 mill. kroner knytte til auka felles utgifter til drift av militær kommandostruktur i NATO. Meirutgifta på 38 mill. kroner utgjør Noregs del av denne auken. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta i 2022 vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.
- 35,000 mill. kroner knytte til meirutgifter for avhendingsverksemda i Forsvarsmateriell, som har hatt høgare avhendingsutgifter enn budsjettet. Inntekspotensialet frå sal av F-16 er betydeleg, men prosessen trekker ut i tid. Dette inneber at auka salsomkostningar ikkje kan trekkast frå salsinntekter i 2022, jf. fullmakt om nettobudsjettering av salsomkostningar. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45 til kap. 1760, post 01.
- 21,548 mill. kroner knytte til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. NATO sin samla prognose er høgare enn budsjettet, noko som medfører at Noregs del vert høgare. Meirutgifta på kap. 1760, post 75, er foreslått dekkja inn gjennom ein tilsvarande reduksjon på kap. 1760, post 45.
- 14,316 mill. kroner knytte til auka omfang på to NATO-prosjekt og oppstart av sju nye NATO-prosjekt i Noreg. Endringane gir ei meirutgift på kap. 1760, post 44, som er foreslått dekkja gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.
- 10,876 mill. kroner knytte til at nasjonal tryggingssmyndigheit er tildelt midlar til FoU-relaterte investeringar på kap. 1760, postane 01 og 45. Det er behov for ei intern fordeling mellom postane for å tilpassa løyvingane etter utgiftsart.
- 3,672 mill. kroner knytte til Nasjonal tryggingssmyndigheit sitt prosjekt P2950 – digital vars-

lingsinfrastruktur. Prosjektet har auka aktivitet i 2022 for å imøtekomme prosjektets gjennomføringsplan, samstundes som planlagde aktivitetar i 2023 er framskunda til 2022. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering til kap. 1760, post 01.

- 3,000 mill. kroner knytte til meirutgifter i den ordinære avhendingsverksemda. Meirutgifta skuldast at netto inntekter frå salet ikkje er tilstrekkelege i 2022 til å dekkja auka avhendingsutgifter, jf. fullmakta om nettobudsjettering av salsomkostningar. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering til kap. 1760, post 01.
- 3,000 mill. kroner knytte til handtering av avhendingsmateriell. Det er ei prognostisert meirutgift for 2022. Dette skuldast auka avhendingsstakt og arbeid med frigjering av lagereal i Forsvaret. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta vert dekkja gjennom ei omdisponering til kap. 1760, post 01.
- 2,400 mill. kroner knytte til effektiviserings-tiltaket *Robotic Process Automation* (RPA). Det er avsett midlar til effektiviseringstiltak i forsvarssektorens moderniserings- og effektiviseringsprogram. Tiltaket RPA i Forsvarsmateriell skal automatisere manuelle steg i vedlikehaldsrutinane ved maritime kapasitetar. Det er behov for ei intern omfordeling mellom postane for å tilpassa løyvingane etter utgiftsart. Forsvarsdepartementet foreslår ei omdisponering frå posten til kap. 1760, post 01.
- 2,400 mill. kroner knytte til styrking av kapasiteten på kontraktsrevisjon. Forsvarsmateriell har rekna ut at styrka kontraktsrevisjon kan gi vinstar i form av redusert pris på innkjøp utan konkurranse. Forsvarsdepartementet foreslår at meirutgifta i 2022 vert handtert gjennom ei omdisponering frå posten til kap. 1760, post 01.

Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 7,235 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 7,235 mill. kroner knytte til meirutgift som følgje av auka omfang på to prosjekt og oppstart av sju nye NATO-prosjekt. Auka omfang gjeld prosjekta *Restore AWACS Platform* og *Augment the JWC Training and Exercise Capability*. Meirutgifta på kap. 1760, post 48 har ein tilsvarande meirinntekt på kap. 4760, post 48.

Post 75 Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 21,548 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 21,548 mill. kroner knytte til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. NATO sin samla prognose er høgare enn budsjettert, noko som medfører at Noregs del vert høgare. Meirutgifta er foreslått dekkja inn gjennom ein tilsvarende reduksjon på kap. 1760, post 45.

Kap. 4760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	31 877	80 543	132 543
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter	117 000	90 000	207 000
48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter	350 036	350 036	387 659

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 52,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 20,000 mill. kroner knytte til meirinntekter grunna auka sal av utrangert materiell med tilsvarende utgifter i avhendingsverksemda, jf. utgiftsauke under kap. 1760, post 01.
- 11,000 mill. kroner knytte til refusjon av systemartikkelforvaltningsutgifter (SAF) frå Forsvaret. Forsvarsmateriell støttar Forsvaret med forvaltning av materiell. SAF-aktiviteten er i hovudsak støtte til Hæren, der Forsvarsmateriell forvaltar støtte- og vedlikehaldsavtaler med leverandørane av materiellet. Forsvarsmateriell bestillar frå og betalar leverandøren, og får kostnadane refundert frå Forsvaret som har budsjettert for forvaltning og vedlikehald, jf. inntektsauke på kap. 1760, post 01.
- 9,500 mill. kroner knytte til auka inntekter frå royalties på kap. 4760, post 45. Auka royaltiesinntekter er i hovudsak knytte til ulike utviklingsprosjekt ved *Kongsberg Defence & Aerospace* og utviklinga av NSM. Forsvarsdepartementet foreslår at meirinntekta vert nytta på kap. 1760, post 45, for å bidra til handtering av forsvarssektorens meirutgifter grunna mellom anna auka energi-, drivstoff-, og valutaprisar i 2022.
- 5,000 mill. kroner knytte til auka refusjon for tenester til Sjøforsvaret, som følge av auka

ordrar frå Sjøforsvaret til Forsvarsmateriell for tenester og innkjøp med tilsvarende utgifter på kap. 1760, post 01.

- 4,500 mill. kroner knytte utgiftsfordeling for vakttenester. Forsvaret driftar og budsjetterer med vakthald ved dei basane også Forsvarsmateriell har nærvær til, i hovudsak Kolsås, Haakonvern og Kjeller. Befal tilsett i Forsvarsmateriell tek ein del av vaktene, og ekstrakostnaden for dette vert refundert frå Forsvarets avdelingar som har budsjettert for vakthaldet. Dette inneber ei inntektsauke på kap. 4760, post 01, med tilsvarende utgifter på kap. 1760, post 01.
- 2,000 mill. kroner knytte til inntektsauke på kap. 4760, post 01, som følgje av høgare refusjon av tenester på målestasjonar til andre NATO-lands sjøforsvar enn budsjettert. Auka inntekter frå desse tenestene har ei tilsvarende utgiftsside på kap. 1760, post 01.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 90,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 90,000 mill. kroner knytte til tilbakebetalt forskudd gjennom bankgarantiar grunna heving av kontrakten for anskaffing av NH90 helikopter.

Post 48 Fellesfinansierte investeringar, inntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 37,623 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 30,388 mill. kroner knytte til meirinntekter som følgje av førebuing til revisjon på *Air Command and Control System*. Prosjektet har avdekkja større inntektskrav, som det no er justert for. Noreg har i tillegg mottatt oppgjær for det greske FORACS-prosjektet *Upgrade radar*

transponder. Auka inntekter er foreslått nytta til å dekkja inn auka omfang på to NATO-prosjekt og oppstart på sju nye NATO-prosjekt, jf. omtale på kap. 1760, post 44.

- 7,235 mill. kroner knytte til auka inntekter som følgje av oppdaterte prognosar om auka omfang på to NATO-prosjekt. Auka omfang gjeld prosjekta *Restore AWACS Platform* og *Augment the JWC Training and Exercise Capability*. Meirinntekta på posten har ei tilsvarande utgiftsside på kap. 1760, post 48

Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2022	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	661 021	744 885	745 722

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 0,837 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 1,350 mill. kroner knytte til bonusutbetaling for personell tenestegjerande i Redningshelikoptertenesta. Utgiftene til lønn vert omdisponert frå Forsvaret til Redningshelikoptertenesta. Auken har ein tilsvarande reduksjon på kap. 1720, post 01

Posten er foreslått redusert med:

- 0,385 mill. kroner knytte til nye leveransevilkår for transport frå Forsvarets logistikkorganisasjon til driftseiningane i Forsvaret og Redningshelikoptertenesta. Endringa inneber ein tilsvarande auke i utgiftene til Forsvaret under kap. 1720, post 01.
- 0,128 mill. kroner knytte til ny nøkkel for berekning av utgifter til gjenbruk- og returpliktig materiell, der fordelinga av utgiftene er endra. Forslag til reduksjon har ein tilsvarande auke på kap. 1720, post 01.

3 Oppmodningsvedtak

Stortingssesjon 2020–2021

Utgreiing om bruk av ikkje-militært tilsette

Vedtak nr. 133, 1. desember 2020:

«Stortinget ber regjeringa innan 2022 legge fram en utredning om bruk av ikke-militært ansatte og forhold knyttet til krigens folkerett og ikke-militært personell som legitime militære mål.»

Regjeringa viser til Stortinget sitt oppmodningsvedtak nr. 133: Innst. 87 S (2020–2021) der Stortinget ber regjeringa innan 2022 leggje fram ei utgreiing om bruk av ikkje-militært tilsette og tilhøve knytt til krigens folkerett og ikkje-militært personell som legitime militære mål. Regjeringa har over tid arbeidd med ei rekkje spørsmål knytt til nemnde problematikk, mellom anna som ledd i oppfølginga av Stortingets oppmodningsvedtak. Arbeidet er førebels ikkje ferdigstilt, og heng saman med andre saker om totalforsvaret og sivil støtte til Forsvaret. Regjeringa vil av denne grunn kome tilbake til Stortinget på eigna måte seinare.

4 Romertalsvedtak

4.1 Kap. 1700, post 22, Program felles IKT-tenester i departementsfellesskapet

Program felles IKT-tenester i departementsfellesskapet, heretter omtalt som Programmet, skal gi departementa, Statsministerens kontor og utanriksstasjonane ei felles effektiv og moderne IKT-plattform, med mål om at departementsfellesskapet kan drive effektiv sakshandsaming og informasjonshandtering med eit naudsynt tryggingnivå.

Programmet er eigd av Forsvarsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet i fellesskap, og det er etablert eit programstyre med representantar frå verksemdar som er omfatta og som i dag har eigne IKT-organisasjonar. Programmet er organisert med ein programleiar, underliggjande prosjekt og andre programaktivitetar. Programmet i si noverande form blei etablert som eit forprosjekt i 2021. Forprosjektet utarbeidde den styrande dokumentasjonen for programmet som blei eksternt kvalitetssikra (KS2) vinteren 2022.

Det er i dag fire ulike IKT-løysningar i departementsfellesskapet, med tilhøyrande IKT-organisasjonar. Dette understøttar ikkje effektiv samhandling mellom departementa. Programmet skal leggje til rette for at det vert etablert eit nytt forvaltingsorgan underlagt Kommunal- og distriktsdepartementet, som skal ha det samla ansvaret for IKT-tenester til departementa. Verksemda vert etablert ved overføring av personell og ressursar frå dagens IKT-miljø i Service- og tryggingorganisasjonen til departementa (DSS), Utanriksde-

partementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet. Forsvarsdepartementet skal vera ein forplikta underleverandør av plattformtenester til den nye verksemda.

I 2022 er det løyvd 135 mill. 2022-kroner til tiltaket under programmet.

Programmet er planlagt gjennomført i tre endringstrinn, i tillegg til programavslutning, i perioden 2022 til 2025.

Programmet legg til rette for ei felles løysing som handterer ugradert, ugradert skjermingsverdig og begrensa informasjon. Begrensa informasjon vil bli levert frå Forsvarsdepartementet si plattform. Ugradert og skjermingsverdig ugradert vil bli levert frå den nye verksemda sin plattform. Den nye plattformen vil bli basert på sky-teknologi, i hovudsak som ei privat, lukka løysing. Ein såkalla to-nivåklient for sikker og effektiv behandling av gradert og ugradert informasjon er under utvikling.

Programmet sin metodikk for gjennomføring er smidig og fleksibel fordi uvissa tilseier at nye utfordringar vil dukke opp og må handterast gjennom så vel planlegging som gjennomføring. Det er innlagt kontrollpunkt i gjennomføringa for å kvalitetssikre overgangen mellom fasar og viktige vedtaks punkt. Programmet arbeider aktivt med tiltak for å redusere den uvissa som er peikt på frå kvalitetssikrar og samstundes holde kostnadane under kontroll.

Tilrådd kostnads- og styringsramme er skisert i tabellen under og omfattar Programmet endringstrinn 1 og 2, som er perioden omfatta av gjennomført kvalitetssikring av styringsunderlag samt kostnadsoverslag (KS2).

Tabell 4.1 Tilrådd kostnads- og styringsramme for endringstrinn 1 og 2

Tall i mill. 2023-kroner	Eks. mva.	Inkl. mva.
Styringsramme (P50)	960	1 167
Kostnadsramme (P85) ¹	1 141	1 392

¹ Fratrekt kuttliste

Inkludert i tilrådd rammer er naudsynt basis infrastruktur, oppgraderingar, utvikling, eingongsutgifter knytt til omstilling, innføring og opplæring, meirkostnader som følgje av naudsynt utskifting av PC-ar før levetidsslutt samt utgifter til drift av både eksisterande og ny plattform i ein overgangsperiode.

Det er ikkje utarbeida ein fullverdig samfunnsøkonomisk analyse for programmet, men eit konseptgunnlag med samfunnsøkonomiske vurderin-

gar. I konseptgrunnlaget er det anslått at programmet vil ha ei positiv netto nytte på 1 048 mill. kroner. Tiltaket si anslått prissette nytteverknad kjem i hovudsak som følgje av auka samhandling og produktivitet for sluttbrukarane på om lag 2 mrd. kroner og effektivisering av drift og forvaltning av IKT-tenester på om lag 1,5 mrd. kroner.

Av tiltakets ikkje-prissette verknader er styrka informasjonstrygging vurdert til å ha den største samfunnsøkonomiske nytten. Dette inkluderer

auka evne til samhandling mellom departementa som ein del av totalforsvaret, auka evne til å vareta nasjonale tryggingssinteresser og samfunnskritiske funksjonar, redusert risiko for skade på demokratiet og redusert risiko for skade på internasjonalt omdømme. Programmet har gjennomført ei analyse for å prissette delar av verknaden av styrka informasjonstryggleik. Analysen vurderer ein prissett nytteverknad på om lag 4,4 mrd. kroner. Inkludert desse prissette verknadene har gjennomføring av Programmet ein anslått positiv netto noverdi på om lag 5,4 mrd. kroner. Det er knytt stor uvissle til prissettinga av informasjonstrygging, men verknaden er vurdert å ha ei nedre grense på om lag 0,5 mrd. kroner. Det vert gjort merksam på at kroneverdien i dette og førre avsnitt er oppgitt i 2021-kroner og basert på utrekningar utført før KS2. KS2-rapporten omtaler ikkje disse berekningane. Det kjem fram i KS2-rapporten at ekstern kvalitetssikrar vurderer at programmet sannsynlegvis vil kunne levera nytte som overstiga kostnadane, men det peikes på at dette forutset at endringstrinn 3 også vert tatt med i vurderinga. Kostnadsramma som vert fremma no inkluderer kun endringstrinn 1 og 2.

Det er foreslått ei løyving til tiltak under Programmet på 173 mill. kroner i 2023.

Regjeringa foreslår at Program Felles IKT-tenester i departementsfellesskapet gjennomfører endringstrinn 1 og 2 med ei kostnadsramme på 1 392 mill. 2023-kroner (inkl. mva.). Sjå forslag til nytt vedtak.

4.2 Kap. 1720, post 01, Forsvaret, Lokalisering av sjef Luftforsvaret til Reitan

I den gjeldande langtidsplanen for forsvarssektoren (jf, Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021) er det lagt til grunn at leiinga av Luftforsvarets operative verksemd skal utviklast vidare rundt Luftforsvarets taktiske operasjonssenter (*Norwegian Air Operations Centre* – NAOC) på Reitan, medan Luftforsvarets leiing og dei taktiske transporthelikoptera vert ført vidare på Rygge. Sjefen for Luftforsvaret er i dag samlokalisert med Luftforsvarsstaben og Luftoperativt

inspektorat. NAOC er samlokalisert med Forsvarets operative hovudkvarter i fjellanlegget på Reitan.

Forsvarssjefen har i lys av ein fornya vurdering fremja ei anbefaling om framtidig lokalisering av sjefen for Luftforsvaret. Forsvarssjefen anbefaler å lokalisere sjefen for Luftforsvaret, støtta av eit mindre og tilpassa stabselement, til Forsvarets operative hovudkvarter ved Reitan utanfor Bodø. Forsvarssjefen har vektlagt tre tilhøve i si anbefaling om å flytte sjefen for Luftforsvaret. Det første er at Forsvarets styrkesjefar bør vere nær der planlegging og leiing av dei operative styrkane skjer. Det andre er at Forsvarets organisasjon i størst mogleg grad bør vere likt organisert i fred, krise og krig, for å være forberedt på å løyse oppgåvene sine. Eit tredje tilhøve som forsvarssjefen legg vekt på er at ei etablering av ytterlegare ein styrkesjef i nord vil underbygge at Nord-Noreg er Forsvarets viktigaste strategiske innsatsområde.

Regjeringa legger til grunn forsvarssjefens faglege vurderingar knytte til den operative nytten av å samlokalisera sjefen for Luftforsvaret med det taktiske operasjonssenteret på Reitan, og at tiltaket inneber ei ytterlegare styrking av Forsvarets profil i nord. Forslaget følgjer vidare opp eit tidlegare vedtak i Stortinget (jf, Innst. 87 S 2020–2021) der regjeringa er beden om å kome tilbake med eventuelle forslag om å flytte element av leiinga i Forsvaret til Nord-Noreg. Sjå forslag til vedtak.

5 Interne endringar på kap. 1720 Forsvaret

Tabellen på neste side viser interne endringar på avdelingar under kap. 1720 Forsvaret foreslått av forsvarssjefen (FSJ) i omgrupperinga. I samband med ny kapittelstruktur på forsvarsbudsjettet frå 2021, der alle forsvarsgreinene og andre sjølvstendige avdelingar i Forsvaret, med unntak av kap. 1735 Etterretningstenesta og kap. 1791 Redningshelikoptertenesta, blei samla under nytt kap. 1720 Forsvaret, vert Stortinget informert om dei største endringane internt på kapitelet.

(i 1 000 kr.)

Driftseining	FSJs plan 2022	FSJs plan Prop. 78 S (2021- 2022)	FSJs plan Prop. 115 S (2021- 2022)	FSJs plan Prop. 142 S (2021- 2022)	FSJs plan Lønns- komp 2 for 2022	Foreslått endring omgrp.	Samla tildeling
Cyberforsvaret	1 901 225	62 000	5 767		18 904	75 997	2 063 893
Forsvarsstaben og Forsvaret fellestjenester	1 149 256		30 035		14 544	75 909	1 269 744
Forsvarets høgskule	841 400	-	13 175		8 286	31 191	867 702
Forsvarets logistikk- organisasjon	2 256 558	600 000	663 100	297 500	42 032	314 550	4 173 740
Forsvarets operative hovudkvarter	910 664	-	118 862	2 000	7 690	120 644	680 848
Forsvarets personell- og vernepliktssenter	1 173 347		800		45 089	5 733	1 224 969
Forsvarets spesialstyrka	1 019 739	-	1 719		12 351	41 602	1 071 973
Forsvarets sanitet	389 658		2 700		5 539	2 593	400 490
Heimevernet	1 540 376	300 000	17 600		15 531	65 094	1 938 601
Hæren	6 599 233	250 000	136 418	5 500	72 025	77 727	7 140 903
Internasjonale operasjoner	925 815	98 000	41 540		-	26 939	1 038 416
Kystvakten	1 203 188	75 000	154 800		7 822	104 353	1 545 163
Luftforsvaret	7 517 567		94 513		58 727	197 086	7 867 893
Sjøforsvaret	4 709 865	325 000	8 213		39 901	183 730	5 266 709
Sum kap. 1720	32 137 891	1 710 000	1 021 730	305 000	348 441	1 027 982	36 551 044

5.1 Interne endringar

5.1.1 Hæren

- 17,335 mill. kroner – Differanse mellom grunnlønn ved teneste i Noreg og i operasjonar. Mellomlegg for auka lønnsutgifter vert tilbakeført til Hæren. Midlane vert tilført frå avsette midlar til internasjonale operasjonar.
- 11,930 mill. kroner – Korrigert tildeling etter øvinga *Cold Response* 2022. Midlar avsette til øving vert fordelt ut til driftseiningane frå avsette midlar ved Forsvarets operative hovudkvarter.
- 9,89 mill. kroner – I revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2022 vert det fatta vedtak om budsjettvinstar frå endra jobbreisevanar. Reduksjonen utgjer Hærens del, etter fordeling av budsjetttiltaket mellom driftseiningane.

- 8 mill. kroner – Omfordeling av tildelte midlar for styrking av den nasjonale kompetansen og beredskap innan fagfelte kjemiske stoff, biologisk agens, radioaktive stoff, nukleært materiale og eksplosivar. Midlane vert overførte til Forsvarets logisitikkorganisasjon og Luftforsvaret.
- 6,869 mill. kroner – Ny nøkkel for berekning av utgifter knytte til gjenbruk og returpliktig materiell. Midlane vert omfordelte frå Hæren til dei andre driftseiningane.

5.1.2 Sjøforsvaret

- 9,000 mill. kroner – Korrigert tildeling *Cold Response* 2022. Midlar avsette til øving vert fordelt ut til driftseiningane frå avsette midlar ved Forsvarets operative hovudkvarter
- 5,329 mill. kroner – I RNB 2022 vert det fatta vedtak om budsjettvinstar frå endra jobbreise-

vanar. Reduksjonen utgjer Sjøforsvarets del, etter fordeling av budsjetttiltaket mellom driftseiningane.

5.1.3 Luftforsvaret

- 24,919 mill. kroner – Ny nøkkel for berekning av utgifter knytte til gjenbruk og returpliktig materiell. Midlane vert omfordelt til Luftforsvaret frå dei andre driftseiningane.
- 9,000 mill. kroner – Korrigert tildeling Cold Response 2022. Midlar avsette til øving vert fordelt ut til driftseiningane frå avsette midlar ved Forsvarets operative hovudkvarter
- 7,536 mill. kroner – I RNB 2022 vert det fatta vedtak om budsjettvinstar frå endra jobbreisevanar. Reduksjonen utgjer Luftforsvarets del, etter fordeling av budsjetttiltaket mellom driftseiningane.

5.1.4 Heimevernet

- 32 mill. kroner – gjeld oppgjer etter Cold Response 2022 knytte til *Force Protection 22*. Avsette midlar vert fordelte ut til driftseinin-gane frå avsette midlar ved Forsvarets operative hovudkvarter.
- 21,533 mill. kroner – Ny nøkkel for berekning av utgifter knytte til gjenbruk og returpliktig materiell. Midlane vert omfordelte frå Heimevernet til dei andre driftseiningane.

5.1.5 Resterande driftseiningar på kapittel 1720

- 18 mill. kroner – Overføring til Forsvarets logistikkorganisasjon frå Forsvarsstaben, for tiltak innan modernisering og effektivisering. Tiltaket gjelder tilpassing av framtidig lagerstruktur i Forsvarets logistikkorganisasjon som skal bidra til å konsolidere beholdningar og kompetanse til færre og meir kraftfulle einingar.
- 17,038 mill. kroner – Overføring til Forsvarets logistikkorganisasjon frå andre driftseiningar for feilposterte lønnsutgifter under Cold Response 2022.
- 14,8 mill. kroner – Ny nøkkel for berekning av utgifter knytte til gjenbruk og returpliktig materiell. Midlane vert fordelte til Cyberforsvaret frå dei andre driftseiningane.
- 14,993 mill. kroner – Transportkostnader som vert overført frå driftseiningane til Forsvarets logistikkorganisasjon grunna nye vilkår på leveringar.

- 7,000 mill. kroner – Korrigert tildeling Cold Response 2022. Midlar avsette til øving ved Forsvarets operative hovudkvarter vert overført til Forsvarets spesialstyrkar.
- 5,000 mill. kroner – Overføring til Forsvarets personell- og vernepliktssenter frå Forsvarsstaben for tiltak innan modernisering og effektivisering. Tiltaket *Robotic Process Automation* skal automatisere transaksjonstunge prosesser innan HR-området.
- 18,650 mill. kroner – Fordeling av *Concept Development and Experimentation*-midlar frå Forsvarets operative hovudkvarter til driftseiningane.
- 13,935 mill. kroner – Ny nøkkel for berekning av utgifter knytte til gjenbruk og returpliktig materiell. Midlane vert fordelte om frå Forsvarets spesialstyrkar til dei andre driftseiningane.
- 12,000 mill. kroner – Midlar avsette for deltaking på øvinga Polaris Gram vert overførte frå Forsvarets operative hovudkvarter til del-takande driftseiningar.
- 10,000 mill. kroner – Bortfall av inntekter etter Cold Response 2022. Endringa skuldast at nokre nasjonar trekte seg før endeleg påmeldingsfrist var gått ut, og allereie bestilte varer og tenester for desse nasjonane må dekkast av Forsvaret.
- 5,883 mill. kroner – Styrking av velferdstiltak ved lokale avdelingar. Avsette midlar vert fordelte frå Forsvarets personell- og verneplikt-senter til andre driftseiningar etter søknad.

Som følge av den ekstraordinære tryggingspolitiske situasjonen og faseskiftet nemnt i kapittel 1 ovanfor kan det være naudsynt for forsvarssjefen å gjere ytterlegare endringar på kap. 1720, post 01.

5.2 Interne endringar på kap. 1720, post 01 for midlar tildelt på bakgrunn av Prop. 78 S (2021–2022)

Den russiske invasjonen av Ukraina i februar 2022 medførte heilt grunnleggjande og varige endringar i den tryggingspolitiske situasjonen i Europa. Det skapte behov for raskt å prioritere og styrke Noregs forsvarsevne og militære beredskap. Våren 2022 la regjeringa fram Prop. 78 S (2021–2022) med hensikt å ytterlegare styrke Forsvaret på kort sikt, gjennom auka overføringar til Forsvaret, Forsvarsbygg, Forsvarsmateriell og Etterretningstenesta. Forsvarsdepartementet foreslår følgjande interne endringar på kap. 1720, post 01:

Planarbeid – Joint Force Command Norfolk

Som ein konsekvens av krigen i Ukraina har *Supreme Allied Commander Europe* (SACEUR) framskunda revisjonar av forsvarsplanane i NATO. Noreg er bedt om å medverka ved *Joint Force Command Norfolk* med ressursar i perioden september til desember 2022. Personell frå Forsvarets operative hovudkvarter, Etterretningstenesta, Sjøforsvaret, Hæren og Forsvarets logistikkorganisasjon deltek. 4,8 mill. kroner av avsette midlar frå Prop. 78 S (2021–2022) under Internasjonale operasjonar omdisponerast til Forsvarets operative hovudkvarter.

Meirutgifter som følge av krigen i Ukraina

Forsvarets spesialstyrkar har meirutgifter på 18 mill. kroner i 2022 som ein konsekvens av krigen i Ukraina. Forsvarets spesialstyrkar har sett i verk tiltak innan alliert samvirke, alliert trening og øving. Midlane er foreslått omdisponerte frå avsette midlar knytte til Prop. 78 S (2021–2022) under Internasjonale operasjonar til Forsvarets spesialstyrkar.

6 Informasjonssaker

6.1 Kap. 1700, post 71, Forsvarsdepartementet, einskild tilskott til Noregs arktiske universitet

Regjeringa foreslår å tildele 0,120 mill. kroner som einskild tilskott til Norges arktiske universitet (UiT), frå kap. 1700, post 71. Føremålet er å støtte publiseringa av ei ny og viktig kjelde til å forstå krigen og okkupasjonen 1940–1945. UiT har gjennomført forskings- og bokprosjektet *Den andre verdenskrig i nord* med eit nord-norsk perspektiv. Tilskottet skal dekke eit vitskapleg fagseminar i høve lanseringa av bokverket. Forskings- og bokprosjektet har i 2020 og 2021 fått tilskott på til saman 500 000 kroner til ferdigstilling av prosjektet. Prosjektet er relatert til forskingsprogrammet *I en verden av total krig: Norge 1939–1945* ved UiT, som Forsvarsdepartementet og Kunnskapsdepartementet har støtta med 20 mill. kroner.

6.2 Kap. 1700, post 79, Forsvarsdepartementet, tilskott til den slovakiske stat for støtte til donasjon av Zuzana-2

Regjeringa tek sikte på eit tilskott til den slovakiske stat på om lag 330 mill. kroner frå tilgjengelege midlar på kap. 1700, post 79. Tilskottet skal støtte ein slovakisk donasjon av Zuzana-2 artilleriskyts til Ukraina. Dette er ein fleirnasjonal donasjon, der Noreg i samråd med Tyskland og Danmark finansierer donasjonen av 16 slovakiske skyts. Det er estimert at den totale kostnaden for produksjon og påfølgande donasjon av 16 einingar vil ligge på omkring 93 mill. euro. Noreg, Danmark og Tyskland tar sikte på å dele kostnaden til donasjonen likt, og bidrar med rundt 31 mill. euro kvar til den slovakiske stat. Skytsa vert produsert av eksisterande produksjonsmiddel hos den slovakiske produsenten. Det er en føresetnad at støtta ikkje skal nyttast til å auka produksjonskapasiteten til den slovakiske produsenten.

6.3 Kap. 1700, post 79, Forsvarsdepartementet, tilskott til den estiske stat for støtte til donasjon av Role 2 feltsjukehus til Ukraina

Estland har tidlegare donert feltsjukehus av typen Role 2 til dei ukrainske forsvarsstyrkane. Ukraina har oppmoda om at fleire feltsjukehus vert donert. Det estiske forsvarsdepartementet har spurt Noreg og andre allierte om ytterlegere donasjonar av feltsjukehus gjennom å finansiere nødvendig materiell og reanskaffing av feltsjukehusa esterane donerer. Finansielle bidrag frå Noreg og andre allierte vil mogleggjer donasjon av eit feltsjukehus, inkludert nødvendig inventar og materiell. Estland skal gjennomføre donasjonen og gi naudsynt opplæring til dei ukrainske motakarane. Det norske bidraget til prosjektet er på om lag 45 mill. kroner.

6.4 Kap. 1700, post 79, Forsvarsdepartementet, tilskott til NATO Comprehensive Assistance Package for Ukraine

NATO har ingen leiande rolle i den direkte støtta til Ukraina, for å unngå at alliansen vert dratt inn i konflikten med Russland. NATO bidrar med ikkje-dødeleg ressursstøtte til Ukrainas forsvarssektor. Støtta omfattar tiltak for å fremja demokratisk kontroll og openheit, korrupsjonshindrande tiltak samt støtte innan sanitet, rydding av eksplosiv, og digitalisering.

Innsatsen er basert på ulike bidrag frå medlemsland og er samla i alliansens såkalla *Comprehensive Assistance Package for Ukraine* (CAP). CAP er vidareført og utvida etter Russlands angrep, og inkluderer no også dronar, jammeutstyr og uniformer. Noreg har lenge støtta Ukraina, koordinert med CAP. Regjeringa tar sikte på å bidra med om lag 300 mill. kroner frå tilgjengelege midlar på kap. 1700, post 79 til CAP.

6.5 Kap. 1700, post 79, Forsvarsdepartementet, tilskott til EU Military Assistance Mission til Ukraina

EU har etablert ein treningsmisjon for trening av ukrainsk personell. EU opplyser at formålet er å gjennomføre både grunnleggande trening og spesialisttrening av ukrainske soldatar i EU-land. Mandatet vil vere fleksibelt og skalerbart for å møte ukrainske behov på ein langsiktig og berekraftig måte. I første omgang tar EU sikte på å trene 15 000 personell. I dialog med EU tar regjeringa sikte på å bidra med støtte til treningsmisjonens driftsbudsjett med om lag 150 mill. kroner frå tilgjengelege midlar på kap. 1700, post 79.

6.6 Kap. 1700, post 79, Forsvarsdepartementet, tilskott til den britiskeleia mekanismen for militær støtte til Ukraina – International Fund for Ukraine

Regjeringa la i Prop. 142 S (2021–2022) opp til at løyvinga på kap. 1700, post 79, primært skulle

verte nytta til tilskott til eigna internasjonale finansieringsmekanisme for militær stønad til Ukraina. Den britiskeleia mekanismen International Fund for Ukraine (IFU) vart tidlegare i år gitt 400 mill. kroner, etter løyvinga vedteken i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2022. Dei tildelte midlane er nytta til dronar, dronejammingsystem og artilleriammunisjon. Den internasjonale forsvarsindustrien er invitert til å gi tilbod. Basert på tilbod frå forsvarsindustrien vil IFU identifisera forsvarsmateriell som kan verte anskaffa og seinare bli donert til Ukraina. Som ein bidragsytar til fondet vil Noreg delta i dei avgjerande organa til fondet.

Regjeringa tek sikte på at resterande midlar på kap. 1700, post 79, etter endringane foreslått i denne proposisjonen er vedtatt og avtalar om andre tilskott til internasjonale finansieringsmekanismer omtalte her er slutført, vert gitt som tilskott til IFU. Regjeringa anslår at beløpet vil vere om lag 1,5 mrd. kroner, men endeleg sum for tilskottet til IFU vert fyrst fastsett av regjeringa etter Stortinget sitt vedtak til ny saldering av budsjettet for 2022.

Forsvarsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2022 under Forsvarsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2022 under Forsvarsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2022 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 683 520 000 til kr. 678 770 000	4 750 000
	22	IKT-verksemd, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 340 469 000 til kr. 431 673 000	91 204 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 6 636 000 til kr. 1 500 000	5 136 000
	60	Overføringar til kommunar og fylkeskommunar, vert redusert med frå kr. 1 800 000 til kr. 600 000	1 200 000
	71	Overføring til andre, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 79 892 000 til kr. 81 892 000	2 000 000
	78	Noregs tilskott til NATO sitt og internasjonale driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 941 810 000 til kr. 979 810 000	38 000 000
	79	Militær støtte til Ukraina, <i>kan nyttas under kap. 1720, post 01</i> , vert redusert med frå kr. 2 691 000 000 til kr. 2 239 250 000	451 750 000
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 5 714 077 000 til kr. 6 743 195 000	1 029 118 000
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 3 850 802 000 til kr. 3 385 372 000	465 430 000
1716		Forsvarets forskingsinstitutt	
	51	Tilskott til Forsvarets forskingsinstitutt, vert auka med frå kr. 249 780 000 til kr. 274 775 000	24 995 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1720		Forsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med..... frå kr. 35 523 062 000 til kr. 36 551 044 000	1 027 982 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med frå kr. 2 765 510 000 til kr. 2 841 489 000	75 979 000
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert auka med..... frå kr. 2 042 960 000 til kr. 2 224 798 000	181 838 000
	44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 132 669 000 til kr. 177 373 000	44 704 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert auka med.. frå kr. 21 025 443 000 til kr. 21 363 700 000	338 257 000
	48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 350 000 000 til kr. 357 235 000	7 235 000
	75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATO sitt investerings- program for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760,</i> <i>post 44</i> , vert auka med frå kr. 111 931 000 til kr. 133 479 000	21 548 000
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 744 885 000 til kr. 745 722 000	837 000

Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4700		Forsvarsdepartementet	
	02	IKT-verksemd, inntekter, vert auka med..... frå kr. 63 000 000 til kr. 75 000 000	12 000 000
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, vert auka med..... frå kr. 4 738 195 000 til kr. 5 747 313 000	1 009 118 000
	47	Sal av eigedom, vert auka med frå kr. 99 910 000 til kr. 125 910 000	26 000 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4720		Forsvaret	
	01	Driftsinntekter, vert redusert med	92 500 000
		frå kr. 1 613 403 000 til kr. 1 520 903 000	
4760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsinntekter, vert auka med.....	52 000 000
		frå kr. 80 543 000 til kr. 132 543 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, vert auka med	90 000 000
		frå kr. 117 000 000 til kr. 207 000 000	
	48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter, vert auke med	37 623 000
		frå kr. 350 036 000 til kr. 387 659 000	

II

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet kan iverksette Program felles IKT-tenester i departementsfellesskapet med ei kostnadsramme på 1 392 mill. 2023-kroner for endringstrinn 1 og 2.

III

Stortinget samtykker i at sjefen for Luftforsvaret, med eit mindre tilpassa stabselement, vert lokalisert på Reitan ved Bodø.



